
Saknr: 2019/101-8
Saksbehandler Even Vaular
Dato: 16.01.2020

Til: Trafikktryggingsutvalet (FTU)
Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Dina Lefdal, fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Prioriterte trafikktryggingstiltak i investeringsprogram for fylkesvegar 2020

Budsjett 2020/Økonomiplan 2020-2023 vart vedtatt (i politisk sak 14/2019) i desemberinget med eit investeringsprogram for fylkesvegnettet for dei neste fire åra. Trafikktryggingsperspektivet er representert i alle vegprosjekt på fylkesveg, frå planlegging til utføring, men ein har også eigne tiltak som vert definerte som *trafikktryggingstiltak*. Desse ser på utfordrande punkt og strekningar som medfører trafikkfare. Ein stor del av ts-tiltaka gjeld sikring av eksisterande vegnett. Me har til dømes mykje gamalt vegnett som vart bygt i ei tid med andre trafikktihøve og andre standardar og krav.

I investeringsprogrammet finn ein trafikktryggleikstiltak i hovudsak to stader: under eige programområde (kalla «Trafikktryggingstiltak»), og som del av bompengepakkane. I tillegg vil det vera tiltak i andre programområde som grensar til trafikktryggingstiltak. Særleg gjeld dette for gang- og sykkeltiltak, og også for ein del kollektivtiltak. Miljøloftet, som gjeld byrekstavtaleområdet Bergen, har ein eigen pott med midlar til trafikktryggingstiltak på fylkesveg¹. Denne potten er finansiert med fylkeskommunale midlar. Det er utarbeidd ein eigen tiltaksplan for trafikktrygging for Miljøloftet, som legg føringar for kva tiltak som vert prioritert i Bergen kommune.

I investeringsprogrammet for 2020 er det sett av 34,5 mill. kr. til programområdet trafikktryggingstiltak. Desse skal nyttast til gjennomføring av prioriterte tiltak i Vestland fylke utanom Bergen. Konkret kva tiltak som er tenkt utført i år kjem ikkje fram av budsjettetdokumentet. Me ønskjer difor å leggja fram for FTU og SAMO ei liste over tiltaka som er prioritert innanfor denne budsjettposten. Lista ligg vedlagt denne saka. Her ligg også liste over trafikktryggingstiltaka som skal gjennomførast i Bergen, gjennom Miljøloftet. Ein føreset her ei løyving på 31,7 mill. kr. Den samla løyvinga frå fylkeskommunen til Miljøloftet (utanom bybanen) i 2020, er på 351,2 mill. kr. Desse midlane skal også dekka gang- og sykkeltiltak, kollektivtiltak, vedlikehaldstiltak med investeringskarakter og planlegging av framtidige investeringstiltak.

Vedlegg

¹ Onsdag 4. desember 2019 vart forslag til ny byrekstavtale for Bergensområdet signert. Den skal til lokalpolitisk handsaming, før den kan tre i kraft. Det nye byrekstavtaleområdet vil, i tillegg til Bergen, inkludera omlandskommunane Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden.

- 1 Prioriterte trafikktryggingstiltak 2020 - Vestland utenom Bergen
- 2 Prioriterte trafikktryggingstiltak 2020 - Miljøloftet (Bergen)